

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	01/2022	Arkiv nr.:		Møtedato:	21.03.2022
Saksbehandlar:	Eilev Hellekveen				

## Referat og meldingar..

- A. 211012 e-post frå Statskog SF. Delegert vedtak. Søknad om dispensasjon frå utnyttingsgrad i kommunedelplan for Nordsetrane 3434-157/1/28-Brimi Fjellstugu
- B. 220111 e-post frå NVE. Ny kontrakt og vegledning for snømålingar
- C. 220117 e-post til Statskog SF. Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Veggen Sålell-Foss
- D. 220119 Brev frå Lars Åmot. Beiteskader av elg
- E. 220121 e-post frå Reinheimen-Breheimen villreinutvalg. Referat frå møte 20. januar. Sekretærfunksjon-prosessen vidare
- F. 220124 e-post frå Lom Tamreinlag. Flytting til Sognefjellet
- G. 220124 e-post frå MD. Mulig endring av tjenestekjøp mellom fjellstyrer og bygdealmenninger og Statens naturoppsyn - 2022
- H. 220125 kopi av e-post frå Lom kommune. Delegert vedtak - søknad om løyve til motorisert ferdsel for filmminnspelning på Sognefjellet – avslag
- I. 220125 kopi av e-post frå Jotunheimen NP. Delegert vedtak. Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2022-23 - Ultraløp - Jotunheimen Ultimate Challenge
- J. 220127 e-post frå Reinheimen-Breheimen Villreinutvalg. Utlysning sekretærfunksjon 2022
- K. 220127 kopi av e-post frå Jotunheimen NP. Dispensasjon - 2020 - Gjetarbu på Gjendetunga - Lom Tamrein AS og Vågå Tamrein AS - kvittering for leverte teikningar
- L. 220125 e-post til Lom kommune. Dyrkingsareal ved Nordseter
- M. 220208 kopi av e-post frå Jotunheimen NP. Utkast til skriv ang. båt i nasjonalparken 220209 SV. Utkast til skriv ang. båt i nasjonalparken
- N. 220210 kopi av brev frå statskog SF til Lom kommune. Utvising av beiteareal - Ketil Gutubø
- O. 220224 SV. Søknad om scooterløyve. Rettighetshavers løyve til motorferdsel i utmark
- P. 220224 kopi av e-post. Delegert vedtak Jotunheimen NP - dispensasjon - motorferdsel – 2022-27 - snødekt mark - øvingsplan - Vågå Røde Kors Hjelpekorps
- Q. 220224 e-post frå Reinheimen-Breheimen villreinutvalg. Ansettelse av ny sekretær
- R. 220307 e-post frå Bøvertjønningen hytteforening. Framføring av strøm til hytter i Bøvertjønningen hytteforening
- S. 220308 e-post frå Vårdalen beitelag. Melding om utkjøring av salt til Havyrju og Koppflya
- T. 220310 kopi av e-post frå Statskog SF. Seter fulle i det fri-feste 3434/187/1/267
- U. 220310 e-post frå Jotunheimen NP. Besseggen som nasjonal turiststi-besøksstrategi-høyring

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	02/2022	Arkiv nr.:	433.1	Møtedato:	21.03.2022
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

## Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Uttalesak – Søknad om etablering av naturstig ved Krossbu.

### Sakspapir:

- E-post 21. januar frå Statskog SF med vedlegg. Søknad om etablering av naturstig.

### Saksutgreiing:

Med e-post sendt 21. januar ber Statskog SF om fjellstyret si uttale til søknad frå Norsk Fjellsenter om å etablere naturstig ved Krossbu.

I søknaden blir det opplyst at Norsk fjellsenter, naturinformasjonssenter for nasjonalparkane Jotunheimen, Reinheimen og Breheimen, ynskjer å legge til rette for ein naturstig med start og slutt Krossbu. Sjølv naturstigen er tenkt lagt etter DNT si merka rute på baa sider av Bøvra innover mot Bøvervatnet og skal beskrive og synleggjere dei interessante geologiske fenomenaa i området.

Søkar har drøfta ideen med forvaltar for Jotunheimen, eigarar av Krossbu og Sognefjellshytta, reiselivet og andre. Miljødirektoratet sin designmal for naturstig og skilting i verneområder blir brukt som grunnlag for utforminga og det er eit ynskje om samarbeid med DNT, nasjonalparkforvaltinga og fjellstyret for å motverke- og redusere stislitasje.

Det er innvilga tilskot frå sparebankstiftelsen DNB til formålet og målet er å få naturstigen klar til sommaren 2022.

### Opplysninger og merknader:

Tiltaket er ei grunndisponering etter §12 i fjellova. Fjellstyret skal høyrast før Statskog tek avgjerd.

Området blir nytta av beitedyr, både småfe og storfe, men det er lite truleg at naturstigen i seg sjølv vil være til skade for beiteinteressene. Naturstigen er fyrst og fremst eit tilbod til turistar som allereie oppheld seg i og nyttar området. Ei kanalisering langs eksisterande stigar vil være positivt for både natur, dyreliv og beiteinteresser.

### Forslag til vedtak:

Fjellstyret tilrår at det blir gjeve løyve til etablering av ein naturstig ved Krossbu. Tilrettelegging og kanalisering av ferdsel i områder som allereie er mykje brukt, er tiltak som kan gje positive konsekvensar for natur, friluftsliv og beiteinteresser.

### Vedtak:

Som forslaget. Samrøystes.

### Utskrift går til:

- Statskog SF – som e-post.

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	03/2022	Arkiv nr.:	335.1	Møtedato:	21.03.2022
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

## Vårdalen statsallmenning. Søknad om fornying av avtale om tidlegare utvist dyrkingsparsell på Havyrju, frå Arne Bjørgen

### Sakspapir:

- E-post frå Arne Bjørgen 19. januar 2022. Søknad om fornya løyve - tilleggsjord.
- E-post frå Statskog SF sendt 3. februar 2022. Uttale – søknad om fornya løyve tilleggsjord

### Saksutgreiing:

Arne Bjørgen fekk i 2011 utvist eit areal, festnr 103, på ca. 15 dekar til forproduksjon inntil eksisterande dyrkingsparsell, festnr 124 på Havyrju i Vårdalen statsallmenning. Arealet har ikkje vorte gjerda inn og teke i bruk, og tilleggsareal til oppdyrking fell automatisk i det fri etter fem år, når det ikkje har vore teke i bruk.

I samband med innsending av svarskjema for oppdatering av seterregisteret har brukaren lagt fram ynskje om å fornye løyvet. I e-posten er det gjort greie for at resterande areal på den opprinnelege parsellen er planlagd slutt dyrka til våren, og at det i samband med dette er ynskjeleg og grøfte seg inn på 124 i samband med slutt dyrking av parsell med festenummer 103. Dette for å få kontroll på vatn, samt forberede dyrkinga av 124.

Det er ikkje grunngjeve årsak til at arealet ikkje vart gjerda inn og teke i bruk innan fristen på fem år.

### Opplysningar og merknader:

Fjellstyret har tidlegare hatt ein del liknande tilfelle, og har, med bakgrunn i at det ikkje var sterk pågang etter tilleggsareal, tilrådd utsetting av fristen for å ta arealet i bruk. Fristen har da gjernast vorte forlenga med to-tre år. Pågangen etter tilleggsareal har auka siste åra, og det er naturleg at fjellstyret vurderer gjer ei sjølvstendig vurdering i kvart enkelt sak. Arealet det her er spørsmål om er av forholdsvis lite av omfang, ligg inntill eksisterande parsell og det er truleg ikkje rasjonelt å vise det ut til andre.

Arealet er oppmålt og matrikulert av kommunen, så det vil ikkje vera behov for å få gjort dette på nytt.

Statskog SF har fått saka til uttale og i e-post skriv dei:

«Tilleggsjorda ble i 2011 utvist til eiendom 3434/5/6, fjellstyresak 26/2011.

Er ikke utvist tilleggsjord tatt i bruk innen 5 år faller utvisningen bort jf. fjellovens § 19, og tilleggsjorda faller automatisk tilbake til allmenningen, jf. seterforskriftens § 23. Fjellstyret skal gi melding til den som har fått utvist jorda, og til Statskog, om bortfallet av utvisninga. Ved bortfall av tilleggsjord og ny utvisning, er vanlig praksis at arealet på nytt utvises etter retningslinjene i § 20 i seterforskriften.

## Møtebok – Lom fjellstyre

Slik Statskog ser det har ikke tilleggsjorda blitt tatt i bruk innen fristen på 5 år. Statskog er kjent med at interessen for tilleggsjord er stor i området, og vi mener det er viktig at fjellstyre behandler saken på en slik måte at alle med interesse får anledning til å komme med uttale.

Statskog har ingen merknader til at tilleggsjorda utvises på nytt.

Vi ber fjellstyre utarbeide ny utvisningsforretning uavhengig om arealet utvises til tidligere rettighetshaver eller ny."

Det er ikkje innhenta ny uttale frå kommunen til utvisinga. Saka har vore varsla på heimesidene til fjellstyret og det har ikkje kome inn merknader.

### **Forslag til vedtak:**

Lom fjellstyre inngår ny avtale om utvising av arealet, der det vert sett vilkår om at arealet må gjerdast inn og takast i bruk innan utgangen av 2023.

### **Vedtak:**

Som forslaget. Samrøystes.

Utskrift går til:

- Arne Bjørgen – som e-post
- Statskog SF – som e-post .

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	04/2022	Arkiv nr.:	433.1	Møtedato:	21.03.2022
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

## Vårdalen, Visdalen, Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Søknad om prøve- og treningsterreng. Jotunfjell-Fjordane elghundklubb.

### Sakspapir:

- E-post 22. januar frå Jotunfjell-Fjordane elghundklubb. Søknad om prøveterreng.
- Sak 60/1996.

### Saksutgreiing:

Med e-post 22. januar har Jotunfjell Fjordane elghundklubb søkt om prøveterreng for ettersøks- og jakthunder. I søknaden skriv dei:

*«Jotunfjell Fjordane Elghundklubb har som eit av sine mål å bidra til utvikling av bedre ettersøks – og jakthunder. Vi gjennomfører treninger og prøver både innen ettersøk og jakt.*

*For å drive denne aktiviteten er vi avhengig av avtaler med «grunneiere» som gir oss tillatelse til å bruke deres terreng. Vi søker derfor Lom Fjellstyre om tillatelse til å gjennomføre blod- og fersksporprøver, samt bandhund og løshundprøver i deres jaktområder.*

*Blodsporprøver kan gjennomføres i tiden 02.01-22.12*

*Fersksporprøver kan gjennomføres på barmark i tiden 02.02-30.04 og 01.07-22.12*

*Bandhundprøver kan gjennomføres i tiden 01.07 - 22.12*

*Løshundprøver kan gjennomføres i tiden 02.01 – 31.01 og 21.08 – 22.12*

*I jakttiden vil nødvendige avtaler bli gjort med kontaktperson i fjellstyret og aktuelle jaktleder.*

*Om mulig ønsker vi også mulighet for trening av jakthunder i tiden 21.08 -20.09 som et tilbud til våre medlemmer*

*Om ønskelig stiller vi gjerne til samtaler om hvordan dette kan gjøres»*

### Opplysninger og merknader:

Jakthundtrening er regulert i hundelova §8 som seier at «*Jakthundtrening, jakthundprøver og dressur kan bare foregå med samtykke av grunneieren eller den som har en allmenn bruksrett til eiendommen. For statsallmenningene gis samtykke av fjellstyret.*»

Jotunfjell Fjordane elghundklubb fekk i sak 60/1996 løyve til å nytte Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning til å gjennomføre den praktiske prøvinga for godkjennimg av ettersøkshundar og for bandhundprøve for premiering som jakthund. Det er sett som vilkåra at prøveterrenget kan disponerast fram til 10. september og at fjelloppsynet skal ha melding om stad, tidspunkt og kven som er ansvarleg for prøva.

## Møtebok – Lom fjellstyre

Dette løyvet var resultatet av lang tids saksgang, klagebehandling og drøftingsmøte, da særleg beiterettshaverar fremja sterke motsegner.

Det er framleis utfordringar knytt til konfliktnivået mellom beiteinteresser og bruk av hund til jakt i Lom, og det kan synes som om konfliktnivået er høgare her enn andre stader. Kva som er årsaken til dette er uvisst. Topografiske og bestandsmessige forhold i kombinasjon med høgt beitetrykk har kanskje vore medverkande til kva tradisjon vi har hatt for bruk av hund til storviltjakt. I ljøs av dette må ein forvente motsegner om ein opnar for bruk av laus hund til trening eller jaktprøver i beitesesongen.

Å opne for trening- eller prøving av hund i jaksesongen er kontroversielt, samstundes har dei fleste aktive jakthundeeigarar tilgang på eiga jaktfelt som kan nyttast til trening denne tida.

Jaktida på allmenningfelt har dei siste åra vorte vesentleg forlenga med jakt fram til 1. desember. Etter denne tida er det vanlegvis ein del snø i områda i Visdalen- Leir og Bøverdalen. Jaktfelt i Vårdalen statsallmenning blir vurdert som mindre egna, Vårdalen nord er for lite og i Vårdalen-Smådalen beiter tamrein i perioda september til jul.

Bruk av laus hund er for mange eit godt hjelpemiddel i samband med utøving av storviltjakt, og med dei bestandsmessige forholda vi har hatt siste åra er det viktig å legge godt til rette for ei effektiv jaktutøving. Trening og prøving av laus hund er positivt og viktig, men Lom fjellstyre har kanskje ikkje områder som er godt egna til dette. Ei utviding av løyvet for prøving- og trening av ettersøks- og bandhundar kan kanskje gje betre kapasitet på trenings- og prøvefelt for laushund i andre tilliggjande kommunar.

### **Forslag til vedtak:**

Det blir lagt fram slik forslag til avtale om jakthundtrening- og prøving på statsallmenning i Lom til offentleg gjennomsyn med frist til 1. mai til å kome med merknader:

*Jotunfjell - Fjordane elghundklubb får disponere Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning til blodsporprøve, fersksporprøve og bandhundprøve etter desse vilkåra:*

*Blodsporprøver kan gjennomførast i tida 02.01-22.12*

*Fersksporprøver kan gjennomførast på berrmark i tida 02.02-30.04 og 01.07-22.12*

*Bandhundprøver kan gjennomførast i tida 01.07 - 22.12*

*Fjelloppsynet skal ha melding om stad, tidspunkt og kven som er ansvarleg for prøva. I tida 1. september-1. desember kan prøvene berre gjennomførast etter dialog og tilvising frå fjelloppsynet.*

# Møtebok – Lom fjellstyre

## **Vedtak:**

Som forslaget. Samrøystes.

Utskrift går til:

- Jotunfjell Fjordane Elghundklubb - som e-post

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	05/2022	Arkiv nr.:	642.0	Møtedato:	21.03.2022
Saksbehandlar:	Åsmund Galde/Eilev Hellekveen				

## **Forslag til endring av fiskereglane for Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Opning for fiske med faststående reisskap for alle busett i Norge.**

### Sakspapir:

- Fjellova.
- Innlandsfiskelova.
- Naturmangfaldlova.
- Gjeldande fiskereglar for Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning.

### **Saksutgreiing:**

Fiskereglane vart sist revidert i sak 28/2013 med utvida fisketid for fiske med stong eller handsnøre.

Fleire av vatna i statsallmenningene har ikkje sjølvrekruttering, og det er nødvendig med utsetting av fisk for å halde fiskebestanden oppe. Dette gjeld for ein stor del av dei høgtliggjande vatna, men det synest som at grensa for kor høgt til fjells det skjer sjølvrekruttering har vorte høgda dei siste tiårs-periodane. Dette kjem sannsynlegvis av ei gradvis endring av klima, som er gunstig for dei vatna som tidlegare ikkje har hatt vellukka gyting kvart år. I dei vatna det årvisst er vellykka gyting, har det lett for å bli for stor fiskebestand, tilveksten er gjernast større enn uttaket. Prøvefiske gjennom fleire år på ulike vatn i statsallmenningen byggjer opp kring dette.

Dei siste åra har vi sett ein tendens der gjennomsnittsalderen på dei som utøver garnfiske har gått opp, samstundes blir dei blir færre og fiskar mindre enn før. Årsaken til dette er nok samansett, men kanskje har denne haustingsbaserte aktiviteten gradvis vorte utvaska gjennom generasjonar. Behovet og verdien av fiskeressursen som matauke har vorte mindre over tid. Yngre generasjonar prioriterer annleis, har andre behov og interesser.

I medhald av fjellova regulerer fjellstyret i eit visst monn kven som har tilgang til fiske, kva for fiske som kan utøvast i statsallmenningen, og den tida fiske kan skje. Situasjonen med avtakande garnfiske og aukande sjølvrekruttering, tilseier at det er fleire vatn i statsallmenningen som vil kunne dra fordel av hardare beskatting av bestandane og såleis få opp kondisjonen/kvaliteten på fisken. Dette kan på sikt få opp rekrutteringa for det tradisjonelle garnfisket og få nytta ressursane denne formen for haustingsbasert fiske gjev.

Bruk av faststående reisskap har til nå, med unntak av Høyvatnet, vore forbehalde innanbygdsbuande. Momenta nemnd her talar for at tida er moden for å sleppe til utanbygdsbuande på fleire vatn. Fjellopsynet foreslår difor at dei fleste vatna på statsallmenningen blir opna for fiske med faststående reisskap for alle busett i Norge.

### **Fjellopsynet sitt framlegg til vedtak:**

## Møtebok – Lom fjellstyre

Lom fjellstyre foreslår å opne for at fiske med faststående reiskap på statsallmenningen vert tillate for alle busett i Norge med unntak av desse vatna: Eilevsvatnet, Børjetjernet, Preststeinsvatnet, Sleive, Mefjellsvatnet, Rundhaugstjernet og Fantesteinsvatnet. Fyrste avsnitt i punkt 4 i fiskereglane for Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenningen blir difor endra til:

*«Fiske med faststående reiskap er tillatt for alle busett i Norge, med unntak av desse vatna: Eilevsvatnet, Børjetjern, Preststeinsvatnet, Sleive, Mefjellsvatnet, Rundhaugstjernet og Fantesteinsvatnet. På desse vatna er faststående reiskap tillate berre for dei som siste året har vore, og framleis er fast busette i området der allmenningen ligg.»*

Forslaget vert varsla og lagt ut til offentleg gjennomsyn med frist til å kome med merknader, samstundes som det vert sendt over til vilt- og innlandsfiskeremnda til uttale før fjellstyret gjer endeleg vedtak.

### **Vedtak:**

Som framlegg til vedtak, med denne endringa: Leiråstjernet vert med i unntaka og forbehalde innanbygdsbuande. Samrøystes.

Utskrift går til:

- Lom vilt- og innlandsfiskeremnd, til uttale
- Lom jeger- og fiskarforeining v/Jørgen Vole, til orientering

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	6/2022	Arkiv nr.:	123	Møtedato:	21.03.2022
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

## Godkjenning av årsrekneskap 2021 for Lom fjellstyre.

Sakspapir:

- Rekneskap for 2021 for Lom fjellstyre.

Rekneskapen vart gjennomgått og kommentert av dagleg leiar og sekretær.

I brev av 8.11.2018 frå Innlandet Revisjon er det presisert at rekneskapen, og også årsmeldinga, må vere signert av heile fjellstyret og dagleg leiar før revisor kan skrive revisjonsmelding. Derfor er rekneskapen ikkje ferdig revidert.

### Forslag til vedtak:

Rekneskap 2021 for Lom fjellstyre vert godkjent.

### Vedtak:

Som forslaget. Samrøystes

Kopi av rekneskapen går til:

- Kommunestyret, Lom kommune.
- Statskog SF
- Innlandet Revisjon

# Møtebok – Lom fjellstyre

<i>Sak nr.:</i>	7/2022	<i>Arkiv nr.:</i>	046.1	<i>Møtedato:</i>	21.03.2022
<i>Saksbehandlar:</i>	Åsmund Galde				

## Godkjenning av Årsmelding 2021 for Lom fjellstyre.

Sakspapir:

- Årsmeldinga for 2021 for Lom fjellstyre.

Årsmeldinga vart gjennomgått og kommentert av stedfortredande sekretæt.

### **Forslag til vedtak:**

Årsmeldinga 2021 vert godkjent.

### **Vedtak:**

Som forslaget. Samrøystes

Årsmeldinga sendt til:

- Kommunestyret, Lom kommune.
- Statskog SF
- Lagt ut på fellesområdet til fjellstyra på intranettet.
- Innlandet Revisjon